



**Pensjonistforbundet**  
Sogn og Fjordane

Til pensjonistforbundet  
Oslo

### **Pensjonistforbundet må byggjast nedanfrå.**

Lokallaga er fundamentet i pensjonistforbundet som ein sterk organisasjon for pensjonistane sine sosiale og økonomiske interesser. I lokallaga møtest medlemmene til sosiale og kulturelle samkomer, til hyggje og vèlvere. Her kan meiningar delast og nye idear få rotfeste. Eit nettverk av sterke lokale pensjonistlag over heile landet vil skape breidde og mangfald, og må vere eit overordna mål for Pensjonistforbundet. Det er i dette mangfaldet vi kan rekruttere stadig nye deltakarar.

**Fylkessekretærene** har ein fagleg viktig rolle som bindeledd mellom lokallag, det regionale og sentralleddet. Dei er rådgjevarar og står for samhandling og formidling mellom lokallag. I samband med regionale tiltak har dei ein sentral funksjon i planlegging, tilrettelegging og gjennomføring.

Denne sekretærordninga er vesentleg underfinansiert, og det må vere ei prioritert oppgåve for Pensjonistforbundet å styrkje denne funksjonen i tida som kjem. Dette er eit av grepa for å byggje og utvikle ein sterk og mangfaldig pensjonistorganisasjon nedanfrå.

### **Fråsegn frå årsmøte i Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane 4.-5. april 2022**



**Pensjonistforbundet**  
Sogn og Fjordane

Nils Gjerland (sign.)  
Styreleiar  
950 74 007